



Bremanger Quarry AS  
Nesbøvegen 627  
6723 Svelgen

Saksbehandlar, innvalstelefon

Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

## Rapport frå inspeksjon ved Bremanger Quarry AS

Kontrollnummer: 2023.018.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:

Adam Rhind

Sverre-Geir Hellebust

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Mari Katrine Berg-Arnesen

Gøsta Hagenlund

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Bremanger Quarry AS 10. oktober 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekka 2 avvik under inspeksjonen.

#### Avvik:

1. Verksemda har manglar ved internkontrollen
2. Verksemda har manglar ved lagring av nokre typar farleg avfall

Avvik og oppfølging etter inspeksjonen er nærare omtalte frå side 3 og utover.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
sjefingeniør

Mari Katrine Berg-Arnesen  
senioringeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Bremanger kommune

Rådhuset, postboks 104

6721

Svelgen



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> BREMANGER QUARRY AS	
<b>Org.nr.:</b> 979969821	<b>Eigd av:</b> 979844220
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 08.111 - Bryting av stein til bygge- og anleggsvirksomhet	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Dyrstad - Bremanger Quarry AS	<b>Anleggsnr.:</b> 4648.0004.01
<b>Kommune:</b> Bremanger	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Mineralsk industri, unntatt pukkverk	
<b>Løyve gitt:</b> 08.10.2012	<b>Sist endra:</b> 10.09.2013

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Kjemikal

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart funne under inspeksjonen. Kontrollen omfatta berre tema som omtalt over på produksjonsstaden Dyrstad. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

## 3. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslipp, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).



## 4. Oppfølging etter inspeksjonen

Bremanger Quarry pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de innan **1. mars 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

## 5. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### Avvik 1: Verksemda har manglar ved internkontrollen

Avvik frå:

- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

#### Kommentarar til regelverket

##### *Risikovurderingar for ytre miljø*

Verksemda må kartlegge og vurdere risiko for forureining av ytre miljø frå si daglege drift og verksemd, jf. § 5 andre ledd punkt 6. Vurderingane må ta omsyn til både sannsynlegheit og miljøkonsekvens, og status/behov for tiltak må byggje på dokumenterte akseptkriteriar. Risikovurderinga skal dokumenterast skriftleg, og omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. På bakgrunn av risikovurderingane skal det utarbeidast planar og tiltak for å redusere risikotilhøva.

##### *Rutinar og avvikshandtering*

I samsvar med § 5 andre ledd punkt 7 i forskrifta, pliktar verksemda å iverksette rutinar for å oppdage, rette opp og førebyggje brot på krav fastsett i eller i medhald av lov. Rutinane skal dokumenterast skriftleg.

#### Observasjonar

##### *Risikovurdering*

Fleire element der verksemda sin aktivitet kan påverke ytre miljø er ikkje risikovurdert.

Døme er:

- bruk av bypass-løysing ved tømning av sedimentasjonsbasseng
- tanklagring
- lagring av farleg avfall utandørs utan skjerming eller oppsamling
- avstand frå utkast til produkthaug
- fare for auka utslepp til vatn ved mykje nedbør

Lista er ikkje uttømmende.

Under tilsynet kunne vi ikkje finne akseptkriterier for vurdering av miljøkonsekvens og sannsyn i risikoanalysen.



### *Rutinar og avvikshandtering*

Verksemda manglar eller har manglar ved nokre skriftlege rutinar knytt til ytre miljø.

Døme er:

- drift og vedlikehald av sedimenteringsanlegget, inkl.
  - prøvetaking, inkl. praktisk gjennomføring og frekvens
- tømning av sedimentasjonsbasseng
- bruk av bypass-løysing
- handtering av analyseresultat, spesielt ved dokumenterte overskridingar
- drift og vedlikehald av tekniske installasjonar og område for handtering av vatn i forkant av mykje nedbør
- drift og oppfølging av støvsamlarar
- skjerming av sjenerende lys mot nabo
- ansvar, sikring og vedlikehald av lagring i tank

Lista er ikkje uttømmende.

Verksemda har hatt nokre konsentrasjonsoverskridingar på utslepp til vatn frå sedimentbassenga som ikkje var avviksregistrert eller handtert. Det var tvil om alle prøvene er tekne under representative forhold, t.d. når sedimenteringskapasiteten er lågast (kort tid før tømning). På tilsynsdagen merka vi oss likevel at vatnet i og ut av bassenget var synleg blakka. Rutinen for når sedimentasjonsbassenget skal tømmast var basert mellom anna på at nokon observerte ein liten haug med sediment ved utsleppsøyret.

## **Avvik 2: Verksemda har manglar ved lagring av nokre typar farleg avfall**

**Avvik frå:**

- avfallsforskrifta § 11-5

### **Kommentarar til regelverket**

Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte, og den som er ansvarleg for at avfallet har oppstått må treffe naudsynte tiltak for å hindre at forureining kan oppstå. Farleg avfallet skal lagrast forsvarleg, som mellom anna set krav til at lagring skjer inne eller under tak med særleg vern mot ytre påverknad og sikring mot uvedkommande inkl. dyr. Avrenning frå søl/uhell frå flytande farleg avfall skal ikkje kunne skje.

### **Observasjonar**

Verksemda hadde lagra IBCar med spillolje langs interne transportveggar utan skjerming og moglegheit for oppsamling.

Nytt område for lagring av farleg avfall var under oppføring.



## 6. Varsel om gebyr

Statsforvaltaren er må ta gebyr for kontroller på forureiningsområdet, jf. § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret er basert på kor mykje tid som vert brukt på førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet, jf. forureiningsforskrifta kapittel 39. På bakgrunn av ressursbruk er tilsynet plassert i gebyrsats 2 for ein dags tilsyn, 30 000 kr, jf. forureiningsforskrifta § 39-9. Vedtak om gebyr vert sendt i eige brev. Frist for kommentar på varselet er to veker.

## 7. Andre tilhøve

### Behov for endringar i løyvet

Under punkt 2.5 skal avsnittet om krav til tanklagring forståast på same måte som omtalt i kap. 18 i forureiningsforskrifta, jf. omtale av verkeområde i § 18-2.

Under punkt 3.3 kan det vere grunn til å presisere nærare kravet i siste avsnitt om to *funksjonelle* sedimenteringsbasseng.

Under punkt 5.2 er det ikkje lenger grunnlag for å måtte utarbeide støydokumentasjon kvart 4. år.

Under punkt 8.1 er det ikkje grunn til å forby lagring av mineralavfall som kan/skal nyttast til istandsetting av terreng etter avslutta drift. Lagring av mineralavfall skal vere forsvarleg og i samsvar med avfallsplan, jf. kap. 17 i avfallsforskrifta.

Kravet om økonomisk sikkerheit i punkt 13 vil ikkje verte vidareført med same ordlyd i oppdatert løyve.

Løyvet til Bremanger Quarry er meir enn 10 år, og det er behov for å oppdatere i samsvar med endra regelverk og faktiske forhold ved verksemda. Vi vil vurdere om det bør gjerast endringar i 2024. Løyvet vil elles verte gjennomgått heilskapleg ved neste revisjon.

## 8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Produktkontrollova
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren datert 08.10.2012